

# Årsmelding for 2014

## Myking Bygdelag Trivselsgrend

### **Pub-kveld**

Det vart arrangert Pub-kveld 15 mars med skjenkeløyve og servering av øl, vin og cider. Me hadde ca 70-75 personar inne og me synest dette var ein stor suksess. Me fekk inn ca ??? kroner og synest at dette er eit arrangement som må på planen igjen.

### **Basaren**

Eit bra oppmøte som gav ca 30 000 i overskot.

### **Sankthans**

Eit bra arrangement med bra oppmøte. Ca 200 sambygdingar var innom. Vergudane var med oss og det vart gjennomført olabil løp og fotballkamp med ungane mot "damene". Arrangementet gav eit overskot på nesten 11000,-

### **Haustfest**

1 november arrangerte styret Haustfest med lett servering av Phillipinsk mat. Igjen eit vellykka arrangement med ca 60 gjester. Overskot ca 7000,-

### **Romjulfest**

Kenneth Carlsen og Terje Carlsen tok ansvar og fekk med Never Mind frå Fedje med levande musikk. Nok ein vellykka kveld i grendahuset med ca 60 gjester. Overskot på ca 2800,-

### **Grendahuset**

Taket på grendahuset er dessverre ikkje gjort noko med i 2014. Prisane bør nok oppdaterast og det vert nok gjort i løpet av mars mnd.

## **Styret 2014**

Styret har i år bestått av følgende personar:

Øyvind Sæbø – Leiar

Maria Fagna – Kasserar

Marit Sæbø – Styremedlem

Edmund Nyheim – Styremedlem

Bjarte Kleiven – Styremedlem

Styret har hatt 5 styremøter i år.

## **Anna info**

- Styret har kjøpt inn prosjektor som kan leigast ut til arrangement i huset. Me håpar og at denne kan kombinerast ilag med andre arrangement som vert arrangert i huset.
- Det har vore dugnad på ballbingen no i februar der det vart rydda ein god del kratt og tre. I tillegg vart det satt på plass ein båt som etter kvart vil verta eit leikeapparat for ungane.